



# NORSE – persontilpassa psykisk helsevern

NORSE er eit aktivt lærande elektronisk sjølvrapporterings-system der pasientar melder frå om korleis dei har det over ei rekke dimensjonar av psykisk helse. Behandlar og pasient får tilgang på avansert informasjon om mønster i pasienten sin tilstand. Dette støttar val i behandlingsprosessar.

## Betra effekt av behandling for sårbare pasientgrupper

Ein del av pasientane i Psykisk helsevern har ikkje nytte av behandlinga , og ei lita gruppe pasientar får det verre på grunn av behandlinga. Eit tiltak som viser å kunne betre behandlingseffekten betrakteleg for desse, er å rutinemessig monitorere effekten av behandlinga ved hjelp av strukturert tilbakemelding frå pasientane .

## NORSE - dynamisk lærande og persontilpassa

NORSE inviterer pasientane til å sjølvrapportere om korleis dei har det og kva behov dei har i behandlinga. Dette vert gjort på nettbrett før kvar behandlingstime eller ein gang i veka på sengepost. NORSE samanliknar pasienten sine svar med ei normdatabasealgoritme, og gir ei umiddelbar grafisk informasjon som behandlar og pasient kan bruke i behandlinga. NORSE lærer aktivt av svarea til den einssilde pasienten og tilpassar skjemaet dynamisk utover i prosessen. Ved samval kan NORSE brukast til å gjere endringar i behandlingfokus, og kan brukast for at pasientar kan medverke meir i behandlinga. NORSE er utvikla på bakgrunn forskning på behova til pasientar, klinikarar og forskarar, og er integrert med DIPS.

NORSE er utvikla av Christian Moltu og Samuel Nordberg i Helse Førde, i samarbeid med forskarar nasjonalt og internasjonalt.

## Kliniske prosessrapportar



NORSE gir profiler over 17 dimensjonar av vanskar og ressursar. Ein klinisk *dimensjon* gjeld på tvers av diagnoser, slik som til dømes *negativ grublingstendens* eller *unnvikingstendens*. Ressursdimensjonar handlar ofte om ulike former for *sosial støtte*. *Allianse* og *behandlingsbehov* er meir direkte tilbakemeldingar på korleis samarbeidet om behandlinga opplevast.

